

Intensjonsavtale

Etablering av den nye kommunen Haram –Sandøy



1. Innleiing.

Haram og Sandøy tek sikte på å etablere ein felles kommune frå 01.01.2020.

Det er kommunestyra i kommunane som gjer vedtak om kommunane skal endrast.

Måla for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er berekraftige og økonomisk robuste og eit styrka lokaldemokrati.

Ei samanslåing av kommunane vil ikkje fullt ut kunne oppnå måla i reforma, men er vurdert som eit alternativ til å fortsette som eigne kommunar.

Kommunane Haram og Sandøy har pr 1.1.2016 eit folketal på 10470, fordelt med 9200 i Haram og 1270 i Sandøy. Haram er i dag ein del av Ålesundsregionen som bu- og arbeidsmarknad. Sandøy står pr definisjon utanfor ein felles arbeidsmarknad pga store reiseavstandar. Begge kommunane er i dag medlem i same regionråd og diverse interkommunale samarbeid i Ålesundsregionen.

Bygging av Nordøyvegen er ein føresetnad for å etablere ein ny kommune beståande av Haram og Sandøy.

2. Mål

Vi er samde om at hovudmålet med den nye kommunen er:

1. Sikring av gode og likeverdige teneste der folk bur, gitt av kompetente fagfolk.
2. Eit godt og fungerande lokaldemokrati, med lokalt engasjement og medverknad
3. Samfunnsutvikling som tek heile kommunen i bruk, og som med Nordøyvegen skal nytte muleheitene som ligg i ei tettare integrering med ein større bu- og arbeidsregion også for øyane.
4. Rettstryggleik og verdighet i alle teneste

3. Samfunn

Den nye kommunen skal vere ein tydeleg samfunnsutviklar. Ved å bygge vidare på eit godt etablert samarbeid med stor grad av tillit og nære relasjonar vil den nye kommunen samordne krefter for ny vekst og nye arbeidsplassar. Dette er viktig for å utnytte kommunens strategiske posisjon på kysten og i etablerte næringscluster for turisme, maritim-, marin- og energinæring.

Realisering av viktige samferdselsprosjekt og infrastruktur

At Nordøyvegen vert bygd, er ein viktig føresetnad for dette kommuneprosjektet. Kostnadsdeling og bruk av RDA-midlar følgjer gjeldande vedtak. Den nye kommunen vil arbeide målretta for å realisere viktige samferdselssamband. Kommune skal arbeide for å realisere nord-sør aksjen mot Ålesund gjennom å arbeide for å realisere Hamnsundsambandet og vidare sørover (Borgundfjord sambandet).

Den nye kommunen vil løfte fram gode kollektivløysingar, og styrke etablerte samband for å utvikle ein felles bu- og arbeidsmarknad, samt realisere kommunikasjonsløysingar mot kommunesenteret og offentlege tenester- og sørvisfunksjoner. Det skal arbeidast for styrka kollektivtrafikk mot byane Ålesund og Molde. For øyane er det viktig med ei sterk rute 32 (ferje) mot Aukra for å binde saman regionen mot Romsdal.

Breibandutbygging til alle delar av kommunen skal prioriterast. Digitaliseringsprosjekt som gjer « digitalt førsteval» muleg (for det meste interkommunale prosjekt) skal prioriterast.

Større kommune - større fagmiljø

For Sandøy spesielt, gir den nye kommunen større fagmiljø både administrativt og i basistjenester. Dette kan gi mindre sårbare tjenester, betre rekruttering og meir og breiare kompetanse, slik at vi samla sett får betre grunnlag for ein god tenesteproduksjon. Den nye kommunen vil særleg söke å utvikle tenestesamarbeidet på øyane, der det er formålstenleg. Den nye kommunen vil framleis vere avhengig av dei fleste interkommunale samarbeidsordningane kommunane deltar i i dag.

4. Prinsipp for tenestetilbodet

Tenestetilbodet skal vere av høg kvalitet og kostnadseffektivt ut frå tilgjengelege økonomiske og menneskelege ressursar. Kommunen skal sørge for gode basistjenester der folk bur. Vi vil i hovudsak ta utgangspunkt i noverande struktur for lokalisering av kvar dagstjenester.

Digitale tjenester skal utviklast og vere førsteval på alle eigna område.

- Endring i tenestestrukturar vil måtte vurderast i den nye kommunen ut frå økonomiske og kvalitetsmessige omsyn, og som følgje av at Nordøyvegen vert bygd.

5. Kommunesenter/ struktur

- Brattvåg skal vere kommunesenter i den nye kommunen.
- Steinhamn skal utviklast som ein attraktiv tettstad med offentlege sørivistilbod i tråd med innbyggjarane og lokalt næringsliv sitt behov.

6. Politisk styring og organisering.

- Formannskapsmodellen skal ligge fast som styringsform.
- Kommunestyret skal ha 29 medlemmer. Formannskapet 7 medlemmer
- Kommunen skal for øvrig styrast fleksibelt og effektivt, og bygge på noverande modell frå begge kommunane.
- Kommunen skal ivareta etablerte og utvikle nye partnarskapsordningar og samarbeid med næringsliv og frivillekte aktørar både lokalt og regionalt.
- Kommunen skal ha ein aktiv og involverande medverknads- og demokratipolitikk, som legg opp til høg deltaking både ved val og mellom vala.

7. Kommunenamn og kommunevåpen

- Kommunenamnet skal vere Haram.
- Kommunevåpen skal vere Sandøy sitt eksisterande.
- Ordførarkjede skal lagast nytt.

8. Økonomi

- Legge til grunn økonomiplan med investeringsplan frå 2017 til 2020.
- «All in» som prinsipp.
- Eigedomsskatt blir det opp til den nye kommunen å avgjere.
- Avsette fondsmidlar til Nordøyvegen inklusive RDA-midlar skal forvaltast i samråd med næringslivet, etter gjeldande ordning.

9. Interkommunale samarbeid

Haram og Sandøy tar del i ei rekke interkommunale samarbeid. Sandøy kjøper i større grad tenester frå andre kommunar enn Haram. Den nye kommunen må basere seg på interkommunale løysingar på ei rekke område i framtida, der den nye kommunen ikkje har kapasitet, kompetanse eller har stort nok brukargrunnlag for å drive effektivt i eigen regi.

Dersom kommunane rundt Ålesund dannar ei ny kommune utan Haram og Sandøy, vil den nye kommunen måtte rekne med ei utfordring i høve tenestesamarbeid i framtida.

Det vert overlatt til fellesnemnda å få kartlagt behovet og premissane for vidare interkommunale løysingar så snart kommunestrukturen i regionen er lagt.

10. Arbeidsgjevarpolitikk

Kommunen skal ha ein personalpolitikk som;

- Stimulerer til eit tillitsfullt samarbeid om å styrke effektivitet, innovasjon og kvalitet i oppgåvene, og trivsel på arbeidsplassen
- Gir kompetanseutvikling, fagleg og personleg, med vekt på å tenke og handle innovativt i samarbeid med andre for å bidra til auka effekt for innbyggjarane og samfunnet, og
- Som legg vekt på eit godt samarbeid mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar, for å utvikle dei kommunale tenestene

I overgangen frå gamal til ny kommune skal følgjande gjelde:

- Alle tilsette sine retter skal sikrast i samsvar med gjeldande lov og avtaleverk
- Alle tilsette får tilbod om arbeid i den nye kommunen.
- Tilsette vil framleis vere sikra pensjonsordning gjennom KLP og SPK.
- Lønsskilnader mellom dei gamle kommunane vil bli harmonisert over tid.
- Det blir oppretta eit partssamansett utval for handsaming av saker som gjeld forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette, jf kommuneloven § 25, inndelingsloven § 26 og Hovudavtalen.

11. Harmonisering

Lokale forskrifter og vedtekter (td politivedtekter, opningstidsvedtekter, vedtekter for sal- og skjenketider etter alkohollova, vedtekter etter plan- og bygningslova, vedtak om hamneavgifter, og andre betalings- og avgiftsregulativ, lokale fiske- og jaktforskrifter, og avfallsforskrifter) gjeld framleis for vedkommande område inntil dei vert endra av kommunestyret i den nye kommunen. Arealplanar som er vedtatt etter reglane i plan- og bygningslova vil framleis gjelde. For andre planvedtak kan departementet fastsette mellom anna fristar for revisjon av planvedtaka.

Statlege avgiftssatsar som gjeld regionvis, som td arbeidsgjevaravgift, vil gjelde som før inntil Stortinget eventuelt vedtek endringar.

12. Kultur, idrett og folkehelse

Kommunen skal vere attraktiv med gode møteplasser som skaper identitet og tilhøyrslse, samt legg til rette for kultur, frivillighet og mobilisering av lokaldemokratisk debatt og deltaking.

Ungdomsattractivitet er ei særleg satsing, mellom anna gjennom satsing på eit desentralisert kulturskuletilbod, desentraliserte ungdomsklubbar og aktivitetssenter, og vidareutvikling av Brattvåg som studiestad og som attraktiv møte- og aktivitetsplass for ungdom.

13. Fellesnemnd

Ved samanslåing av kommunar skal det opprettast ei fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuininga av samanslåinga, jfr inndelingslova §26. Fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk. Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i begge kommunestyra. Dette vert å kome tilbake til etter at *vedtak om samslåing er gjort.*

- Fellesnemnda skal bestå av formannskapa frå kvar av kommunane.
- Varamedlemmer er formannskapet sine ordinære varamedlemmar i kvar av kommunane
- Leiar av fellesnemda vert valt av fellesnemda.

Brattvåg , 18.mars 2016


Oddvar Myklebust
Ordførar, Sandøy kommune


Vebjørn Krogsæter
Ordførar, Haram kommune

